


Reglement for kontrollutvalet



Vestnes kommune

Vedteke av Vestnes kontrollutval 01.09.2023, sak 29/23
Vedteke av Vestnes kommunestyre 02.11.2023, sak 60/23



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

§ 1. Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt eige kontrollorgan. Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Vestnes kommune, og at kommunen leverer sine tenester effektivt og målretta i medhald av lov, forskrifter, statlege føringar og kommunestyret sine intensjonar og vedtak.

§ 2. Val og samansetting

Kontrollutvalet i Vestnes kommune består av 5 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer, og blant medlemmene leiar og nestleiar. Funksjonstida følgjer valperioden. Minst 1 av medlemmene skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer, og ein av desse bør vere leiar av utvalet. Leiar kan ikkje vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordførar. Begge kjønn skal vere representert i utvalet med minst 40 prosent. Kontrollutvalet skal veljast i kommunestyret sitt konstituerande møte etter val av formannskap og ordførar/varaordførar.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem til formannskap, medlem og varamedlem av folkevald organ med avgjerdsmynde, medlem og varamedlem av kommunestyrekomité, tilsette i kommunen, personar som har leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamling i eit selskap kommunen har eigarinteresser i, personar som har leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefelleskap.

§ 3. Kontrollutvalet sine oppgåver

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova §§ 23-2 til 23-6 og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet har ei sentral rolle i kommunen sin eigenkontroll. Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre løpande kontroll med den kommunale forvaltninga og påsjå at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet kan krevje at kommunen legg fram ei kvar opplysning, utgreiing eller dokument som utvalet fin naudsynt for å utføre sine oppgåver på vegne av kommunestyret.

Kontrollutvalet skal sørge for at følgjande oppgåver blir utført:

Rekneskapsrevisjon

Dette omfattar bestilling av rekneskapsrevisjon frå valt revisor. Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at kommunen sine årsrekneskap og årsberetningar blir revidert på ein forsvarleg måte. Kontrollutvalet skal påsjå at rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3 i forskrift om kontrollutval og revisjon. Kontrollutvalet skal påsjå at rekneskapsrevisor sine merknadar blir retta eller følgt opp. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret sitt vedtak om rekneskapsrevisjon blir følgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er følgt opp. Kontrollutvalet skal gje uttale til kommunestyret om årsrekneskap og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak. Rekneskapsrevisor skal utarbeide revisjonsberetning for årsrekneskap og årsberetning til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet seinast 15. april året etter rekneskapsåret. Kontrollutvalet skal gje sin uttale til kommunen sine investeringsrekneskap i tråd med kommunen sitt økonomireglement.

Etter oppdragsavtalen mellom kontrollutvalet og revisor skal revisor utarbeide kommunikasjons- og revisjonsplan for revisjonsåret og rapportere attende til kontrollutvalet i henhald til denne. Revisor skal også rapportere attende til kontrollutvalet etter avslutta årsoppgjersrevisjon.



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

Etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Kontrollutvalet skal føre kontroll med at den økonomiske forvaltninga foregår i samsvar med gjeldande bestemmelsar og vedtak. Rekneskapsrevisor skal sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak skjer i samsvar md reglar og vedtak. Revisor skal basere oppgåva på ei risiko og vesentlegvurdering som skal leggast fram for kontrollutvalet. Revisor skal innhente tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det føreligg brot på lover, forskrifter eller vedtak, der brotet er av vesentleg betydning for økonomi forvaltninga. Revisor skal seinast 30. juni gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

Internkontroll

Kommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og reglar vert følgt. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal systematisk tilpassast verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Kontrollutvalet ser til at det er etablert og vert vedlikehalde ein internkontroll, samt at kommunedirektøren rapporterer til kommunestyret om internkontrollen minst ein gong i året. Revisor skal sjå etter om den økonomiske internkontrollen er ordna på ein betryggande måte.

Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan som skal viser på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Planen skal basere seg på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og resultatet av desse. Kontrollutvalet skal innstille til kommunestyret om tilrådingar til forbetringar og læringspunkt der dette er konklusjonane frå forvaltningsrevisjonsrapporten. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret sitt vedtak ved behandling av rapporten vert følt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtak er følgt opp.

Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Kommunen skal minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret.

Kontrollutvalet skal minst ein gang i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan som skal viser på kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planen skal basere seg på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskap i selskap. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret om gjennomførte eigarskapskontrollar og resultatet av desse. Kontrollutvalet skal innstille til kommunestyret på anbefalingar til forbetringar og læringspunkt der dette er konklusjonane frå eigarskapskontrollen. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret sitt vedtak ved behandling av rapporten vert følgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtak er følgt opp.



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

Innsyn og undersøkingar i selskap

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningar som er naudsynt for å gjennomføre sin kontroll, frå interkommunale selskap etter IKS-lova, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, aksjeselskap der ein kommune åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar. Kontrollutvalet kan gjere undersøkingar i verksemda om det er naudsynt. Kommunestyret kan fastsetje reglar om kontrollutvalet sin kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er nemnt, og om kva for dokument mv. som skal sendast kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere tilstades i desse møta.

Kontrollutvalet sin innsynsrett og rett til å gjennomføre undersøkingar gjeld på tilsvarande måte overfor verksemdar som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsynet og undersøkingane skal likevel berre omfatte det som er naudsynt for å undersøke om kontrakten vert oppfylt.

Granskingar eller undersøkingar

Kontrollutvalet kan enten på eige initiativ, eller etter vedtak i kommunestyret, foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Påsjåansvar overfor revisor

Det er kontrollutvalet sitt ansvar å påsjå at revisor utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og anna kontroll som er bestemt av lov eller i medhald av lov, forskrift og etter avtale med kontrollutvalet. Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere resultatet av sitt arbeid i samsvar med lov, forskrift, god kommunal rekneskapsikk og avtale med kontrollutvalet. Revisor skal rapportere om sitt arbeid og resultatata av sin revisjon til kontrollutvalet. Den som utfører revisjon eller anna kontroll for kommunen skal løpande vurdere sin uavhengigheit. Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år, og ellers ved behov, gje ein skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet.

Høyringar

Kontrollutvalet kan avvikle høyringar innafor det ansvarsområdet som er gitt utvalet i medhald av kommunelova. Med høyring er meint eit møte i kontrollutvalet der utvalet mottar munnlege forklaringar frå personar som er innkalla for å få belyst ei spesiell sak eller saksområde. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan med heimel i kommunelova si føresegn om møteoffentlegheit, gjere vedtak om at heile eller delar av høyringa kan vere lukka, når det ligg føre lovbestemt teieplikt.

Verksemdsbesøk

Kontrollutvalet kan gjennomføre verksemdsbesøk for å bli betre kjent med, og få eit godt innblikk i forvaltninga av kommunen si verksemd, i kommunale heil- eller deleigde selskap og i kommunale føretak.

§ 4. Kontrollutvalet sine ressursar og rammevilkår

Kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjett frå formannskapet til kommunestyret. Utvalet må ha eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde, og må sikrast ei sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sine behov.



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

Kontrollutvalssekretariat

Sekretariatet skal førebu sakene til kontrollutvalet og påsjå at dei sakene som vert behandla av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde. Sekretariatet skal sørge for at utvalet sine vedtak blir sett i verk. Sekretariatet skal vere uavhengig av kommunen sin administrasjon og av den som utfører revisjon av kommunen. Den som utfører sekretariatsoppgåver er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgje dei retningsliner og pålegg som utvalet gjev. Kommunestyret vel sjølv sekretariat for kontrollutvalet etter innstilling frå kontrollutvalet.

Revisjonsordning og revisor

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt kontrollbehov, behov for oppfølging av særskilte vedtak, kompetansenivået i kommunen og kommunen si eiga organisering og internkontroll.

Kommunestyret avgjer sjølv om kommunen skal tilsetje eigen revisor, delta i eit interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtal med anna revisor (revisjonsordning). Kommunestyret kan velje å tildele alle revisjon til ein revisor/revisjonsselskap/revisjonsordning, eller dele opp rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Kommunestyret vel sjølv revisor. Vedtak vert gjort etter innstilling frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet inngår oppdragsavtale med revisjonen.

§ 5. Sakshandsaming i kontrollutvalet

Kommunelova sine reglar i kapittel 11 om saksbehandling i folkevalde organ gjeld også for kontrollutvalet. Utvalet treff sine vedtak i møte, og det vert ført protokoll frå møta. Utvalet sine møter vert avvikla i medhald av vedtatt møteplan. Møteinnkalling, med sakliste og sakspapir, vert sendt utvalet sine medlemmer, alle varamedlem, ordførar, kommunedirektør og revisor ei veke før møtet finn stad. Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet. I tillegg vert kontrollutvalet si møteinnkalling og sakspapir, samt protokollar, sendt til kommunen sitt postmottak og er tilgjengeleg på kommunen si heimeside. Dokumenta vert også gjort tilgjengeleg på heimesida til Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal.

Protokollar skal sendast til utvalet sine møtedeltakarar for gjennomsyn. Merknader skal meldast sekretariatet, som i samråd med leiaren tek avgjerd om endringar skal gjerast i utkastet. Etter evt. endringar er godkjent av møteleiar, så vert protokollen gjort offentleg. Protokollen skal endeleg godkjennast av kontrollutvalet i neste møte.

Kontrollutvalet sine møter er opne for publikum, men skal vedtakast lukka når det ligg føre lovbestemt teieplikt. Dersom det vert teken avgjer om at eit møte skal haldast for lukka dører, skal avgjerda førast i møteboka med heimel for avgjerda. Det same gjeld for avgjerd om eit medlem av organet er ugild.

I kommunelova § 11-7 står det omtala adgangen til å halde fjernmøter(digitale møter). Kommunestyret kan sjølv beslutte at folkevalgte organ i kommunen skal ha adgang til å halde møter som fjernmøte. Fjernmøte inneber at deltakarane ikkje sit i same lokale, men at dei via tekniske hjelpemiddel likevel kan sjå, høyre og kommunisere med kvarandre. Krava som ellers gjeld for møter, gjeld også for fjernmøter. Eit møte som skal lukkast etter § 11-5 andre ledd, kan ikkje haldast som fjernmøte.

Vestnes kommunestyre har i møte 11.11.2021 i sak PS-117/21 vedteke reglement for gjennomføring av politiske møter i Vestnes kommune. I pkt. 6 står det at folkevalde organ i Vestnes kommune har høve til å halde fjernmøte. Organa avgjer sjølv når det er naudsynt å ha fjernmøte. Kontrollutvalet følgjer Vestnes kommunestyre sitt reglement om fjernmøte.



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

For at kontrollutvalet skal kunne utføre og følge opp dei oppgåver som er nødvendig for å sikre forsvarleg kontroll, bør utvalet ha minimum 6 møter pr. år. Det vert utarbeidd ei møteplan med oversikt over møtetidspunkt og faste oppgåver for det enkelte år som vert vedtatt av kontrollutvalet.

§ 6. Kontrollutvalet sin arbeidsmåte

Kontrollutvalet skal halde seg orientert om den administrative og politiske verksemda i Vestnes kommune. Gjennom sitt arbeid skal utvalet legge vekt på samarbeid og opptre på ein uavhengig og politisk nøytral måte. Kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar som er gjort av kommunen sine folkevalde organ eller kommunale organ. Kontrollutvalet vil særleg legge vekt på å følge opp kommunen sine avgjerdssystem, rutinar og organisasjonen si eiga kvalitetssikring. Gjennom ein aktiv og synleg arbeidsmåte vil kontrollutvalet bidra til at feil og uregelmessige forhold vert førebygd, men i den grad slike forhold kjem føre, vil utvalet påpeike dette.

Teieplikt er ikkje til hinder for at kontrollutvalet kan gjennomføre kontrolltiltak og undersøkingar som utvalet meiner er naudsynt. Kontrollutvalet har rett til å vere tilstades i lukka møter i folkevalde organ i kommunen. Kommunestyret kan sjølv avgjere at denne retten ikkje gjeld i møter i kommunestyret. Kontrollutvalets leiar utøver denne møteretten på vegne av kontrollutvalet. Utvalet sin leiar kan la eit av dei andre medlemmane i utvalet utøve denne retten på sine vegne.

Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret. Dersom kontrollutvalet gjennom sitt arbeid ser behov for pålegg, så må dette rapporterast til kommunestyret. Det er berre kommunestyret som har mynde til å gje pålegg, kontrollutvalet kan berre anmode eller tilrå.

Om kontrollutvalet skal behandle ei sak, vil vere avhengig av om saka ligg innafor kontrollutvalet sitt mandat. I tillegg må kontrollutvalet vurdere om saka representerer ein tilstrekkeleg risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving og vedtaksoppfølging.

Kontrollutvalet kan også behandle kontaktar frå innbyggjarar eller andre aktørar som meiner dei har ei sak for kontrollutvalet. Kontrollutvalet avgjer sjølv om det kontakten gjeld høyrer inn under kontrollutvalet sine oppgåver. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan. Kontrollutvalet følgjer rutiner for handsaming av henvendingar fastset i sak 34/21 den 29.11.2021.

Kontrollutvalet skal arbeide for

- å medverke til god kvalitet i kommunen sine tenester
- å medverke til god produktivitet og effektiv ressursutnytting
- å medverke til å ivareta innbyggjarane sin rettstryggleik i deira kontakt med den kommunale forvaltninga
- å medverke til at politiske vedtak i Vestnes kommune vert følgd opp.

§ 7. Informasjon og rapportering

Som ledd i sitt førebyggjande arbeid skal kontrollutvalet prioritere rettleiing og informasjon. Utvalet skal leggje vekt på å vere løysingsorientert og bidra til læring i organisasjonen. Kontrollutvalet skal ha ein aktiv og nær dialog med kommunestyret som kommunen sitt øvste kontrollorgan, og vil fremje aktuelle saker og rapportere til kommunestyret jf. Krav i lov og forskrift.

Det vert utarbeidd ein plan for kontrollutvalet si verksemd i valperioden. Plane vert utarbeidd innan 1 år etter val, og vert godkjent av kommunestyret.



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

Det vert utarbeidd ei årsmelding med oppsummering av kontrollutvalet sitt arbeid for det enkelte år som vert lagt fram for kommunestyret. På slutten av kvar valperiode skal det leggjast fram ein rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd og gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar i valperioden. Rapporten byggjer på kontrollutvalet sin verksemdsplan.

Kontrollutvalet sin leiar, eller den leiaren måtte gje mynde, tek i vare kontakten med media.

§ 8. Samspelet mellom kontrollutvalet og kommunestyret

God forståing og respekt for kvarandre sine roller, er avgjerande for eit godt samspel mellom kontrollutvalet og kommunestyret. Kontrollutvalet arbeider på oppdrag frå kommunestyret som kan oppmode eller pålegge kontrollutvalet å greie ut konkrete saker på eigne vegne.

Kontrollutvalet sin leiar har møte- og talerett i kommunestyret når saker frå kontrollutvalet skal handsamast. Utvalet sin leiar kan la eit av dei andre medlemmane i utvalet utøve denne retten på sine vegne.

Saker som kontrollutvalet fremjar til kommunestyret skal behandlast før dei politiske sakene for å tydeleggjere at dette er kontrollsaker, der andre kriteria enn dei politiske er førande for debatten og konklusjonen. Presentasjon av sakene vil bidra til å synleggjere kontrollutvalet sitt arbeid overfor kommunestyret.

I medhald av kommunelova § 23-2, 4.ledd har kontrollutvalet rett til å vere tilstade i lukka møter i folkevalde organ i kommunen. Kommunestyret kan sjølv bestemme at denne retten ikkje gjeld i lukka møter i kommunestyret.

Kontrollutvalets leiar utøver denne møteretten på vegne av kontrollutvalet. Utvalet sin leiar kan la eit av dei andre medlemmane i utvalet utøve denne retten på sine vegne.

§ 9. Iverksetjing

Reglementet for kontrollutvalet i Vestnes kommune vert sett i verk etter vedtak i kommunestyret.